



Det er særst viktig at havforskarar som gjev råd om fiskeri- og kystsoneforvaltning har god kunnskap om dei ulike fiskeria og kystressursane; korleis dei ulike fiskeflåtane opererer gjennom sesongen, kva og kor mykje dei fiskar og kor dei fiskar. For å styrke instituttets kunnskap og kompetanse om ressursane og økosystema langs kysten vart det i 2005 inngått eit formelt og tillitsfullt samarbeid med eit nettverk av sjarkfiskarar langs heile norskekysten. Målet er å auke instituttet sin tilgang på observasjonar, gjere datainnsamlinga og informasjonsflyten mellom forskning og næring – begge vegar – endå betre og gje forskarane større høve til å vere på rett stad til rett tid.

Hallvard Godøy

hallvard.godoy@imr.no

Asbjørn Borge

asbjorn.borge@imr.no

Kjell Nedreaas

kjell.nedreaas@imr.no

Havforskningsinstituttet har av ulike grunnar ofte måtta prioritere arbeidet med dei største fiskebestandane ute i havet og dei store økosystema. Mindre, regionale og lokale bestandar og ressursar som er særst viktige for eit mangfaldig kystfiske, turistfiske og fritidsfiske, er på langt nær så godt kartlagde. Her er det også store sesongvariasjonar i miljø og fiskevandringar. Kystreferanseflåten har også blitt etablert som eit viktig forskings- og forvaltingsverktøy for å få meir kunnskap om kysttorsk, og snu den negative utviklinga for denne bestanden og dei mange ulike gytepopulasjonane. Fiskeri- og kystdepartementet har dessutan pålagt instituttet å etablere eit registreringssystem for bifangst av sjøpatedyr, og å prioritere arbeid med sjøpatedyras fordeling i dei ulike økosystema og interaksjonar med fiskeria.

Sjølvfinansierande ordning

Kystreferanseflåten, som vart etablert hausten 2005 langs heile kysten frå Varangerfjorden til Oslofjorden, blir no utvikla etter om lag same mal som den havgåande referanseflåten (sjå Havets Ressurser og Miljø 2007, kap. 4.7.). Flåten tel no 18 garnsjarkar, 9–15 m (Figur 1.13.1.), som hovudsakleg fiskar i sitt heimeområde.

Arbeidet med referanseflåten (både hav og kyst) er sjølvfinansiert ved at norske myndigheiter har avsett ein del av dei norske fiskekvotane til forskings- og forvaltingsføremål. For at drifta av heile referanseflåten skal gå i økonomisk balanse er det for 2007 avsett 860 tonn torsk nord for 62°N, 40 tonn nordsjøtorsk, 600 tonn blåkveite, 600 tonn NVG-sild og 600 tonn makrell. For å lette administrasjonen av slike kvotar for alle involverte partar, blir desse kvotane for tida fiska av den havgåande flåten. 60 % av verdien av forskingskvoten går direkte tilbake til fiskar for å dekkje fangst- og salskostnader. Dei resterande 40 % dekkjer sjølve drifta av referanseflåteordninga og utbetalingane frå instituttet til fiskar, inklusive kystreferanseflåten, for mottekne biologiske prøvar og fangstopplysningar.


Gjennom eit godt og moderne kommunikasjonsystem (der vi ønskjer å vere med i utvikling av betre teknologi og ta denne i bruk) får instituttet ferske og oppdaterte rapportar og opplysningar frå kysten, og kan bestille ekstra/spesielle prøver på kort varsel. På den andre sida gjev god og rask kommunikasjon kystreferanseflåten høve til å stille spørsmål til Havforskningsinstituttet medan flåten opererer på sjøen.

Får meir kunnskap om ressursar og miljø

I løpet av den første 12-månadersperioden (frå oktober 2005 til og med september 2006) rapporterte Kystreferanseflåten om bifangstar av 20 steinkobbar, 9 havert og 101 niser frå reiskapstypene botngarn med halvmaske 8–12 cm og breiflabbgarn med halvmaske 18 cm. Dette er om lag som venta. Med dei detaljerte opplysningane frå kystreferanseflåten om fiskeinnsats, fangst og kvar fisken er lokalisert, vil vi etter kvart få data som vil gjere det mogeleg å rekne ut den samla bifangsten frå same fartøygruppe og reiskapstype.

Kystreferanseflåten bidreg såleis til at instituttet får betre kunnskapar om kystressursar og -miljø, og følgjeleg kan presentere resultat og gje råd som er meir presise enn tidlegare. Her er nokre av dei viktigaste føremonane med ordninga:

- meir kunnskap om korleis og kva sjarkfiskarane fiskar i løpet av sesongen, og om den offisielle fangststatistikken er rimeleg med omsyn til art, kvantum og fangstområde;
- registrering av all fangst, inklusive bifangst, gjev informasjon til instituttet om kor reint/eventuelt blanda eit fiskeri er, om indirekte utnytting, korleis reguleringar fungerer, og korleis målretta og tenlege reguleringar bør formast;
- Havforskningsinstituttet kan få prøvar av fisk kontinuerleg gjennom sesongen i motsetnad til prøvane frå forskingstokta som berre blir tatt i avgrensa tidsperiodar kvart år;
- får informasjon om artar som ikkje blir fanga så ofte på dei faste forskningstokta til instituttet i ofte vanskeleg tilgjengelege kystområde, f.eks. breiflabb, brosme, lange, lyr, lysing;
- observasjonar av sel, nise, sjøfugl, kongekrabbe, oter m.m. gjennom heile året;



Figur 1.13.1
 Kystreferanseflåten. Pilane viser
 kvar fartøya høyrer heime.
 The coastal reference fleet.
 The arrows are pointing to the
 vessels' home ports in Norway.

- Havforskningsinstituttet held seg heile tida orientert om den teknologiske utviklinga innan fiskeria, kva som fører til forbetra effektivitet, etc.;
- uttesting av ny teknologi, f.eks. elektronisk fangst dagbok;
- instituttet kan gjennom sitt tillitsforhold til kystreferanseflåten diskutere kontroversielle saker med fiskar slik at det blir skapt ei felles forståing mellom fiskar og forskar.

Fishermen and scientists in trust-based co-operation

In order to obtain better and continuous samples from the fishing fleet, knowledge about fleet behaviour and technical developments influencing efficiency and effort, 18 coastal fishing vessels are contracted. Crew members are trained to conduct self-sampling. A minor extra catch quota mainly finances the program. In addition to improved biological sampling, such trust-based co-operation between fishermen and scientist provides better insight for optimized sampling. It is also a useful platform for testing official catch

statistics and data collecting systems and procedures. Furthermore, it provides the scientist with continuous information about species that are hardly accessible by research vessels and at the same time secures observations of sea mammals, sea birds, crabs etc, as well as updates the scientists on technological developments. Last, but not least it reduces controversies and rather builds a common understanding and ownership of data, advice and management.